



Nissedal kommune

Arkiv: C50
Saksmappe: 2023/778-35
Sakshandsamar: Sveinung Seljås
Dato: 10.10.2023

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	93/23	19.10.2023

N - Kulturminneplan - Nissedal - Varsel om oppstart

Vedlegg

- 1 Disposisjon - Kulturminneplan Nissedal kommune - Høyringsutkast

Fakta i saka:

Kulturminne er spor etter menneske til ulike tider. Dei gir kunnskap om fortida og dannar grunnlag for identitet og tilhøyre. Kulturminne som er gått tapt kan ikkje erstattast, og det er derfor viktig å ha kunnskap om sårbare kulturminne i kommunen. God kulturminneforvaltning er ein ressurs for næringsutvikling og reiseliv, og gir attraktive stader å bu i, og å reise til. Å ta vare på kulturminne er ei investering for framtida.

Riksantikvaren gjennomførte i perioden 2015-2017 eit kunnskapsløft innan kulturminneforvaltninga, og inviterte fylkeskommunane til å starte opp arbeid med kommunale kulturminneplanar i samarbeid med kommunane. Frå Riksantikvaren via fylkeskommunen blei det innvilga kr 100 000 pr. kommune. Dei fleste kommunane har nå fått utført dette planarbeidet. Sjølv om Nissedal er seint ute, er det stadfestat at støttesummen på kr 100 000 likevel fortsatt står ved lag. Målsetjinga nå er å gjennomføre ein planprosess med presentasjon av resultatet for godkjenning i kommunestyret før sommarferien 2024.

Føremålet med ein kommunal kulturminneplan er å gi ei oversikt over utvalde kulturminne i kommunen, og å vere eit kunnskapsgrunnlag for framtidig kulturminneforvaltning. Kulturminneplanen vil kunne gi eit grunnlag for å ivareta omsyn til kulturminna i kommunens planarbeid og saksbehandling, og for å prioritere tiltak for å ta vare på sårbare kulturminne. Kulturminneplanen vil også kunne bli ein ressurs for formidling av kommunens kulturarv til innbyggjarane og tilreisande.

I kulturminnelova er *kulturminne* definert som spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, irekna lokalitetar som det knyter seg historiske hendingar, tru og tradisjon til. Det er denne definisjonen som blir lagt til grunn for den statlege forvaltninga av *materielle kulturminne*. Definisjonen omfattar også *kulturmiljø*, større område som er forma gjennom menneskeleg aktivitet. Denne planen vil omfatte materielle kulturminne, i hovudsak faste kulturminne innom tema samferdsel, landbruk og ressursutnytting, tru og livssyn, skuledrift, idrett og kultur og krigsminne.

Planen vil ikkje ta føre seg den *immaterielle kulturarven* som tradisjonar og uttrykk, stadnamn, utøvande kunst, sosiale skikkar, ritual og høgtidsfestar, kunnskap og praksis om naturen og universet eller kunnskap om tradisjonelt handverk.

Det er vald å utarbeide planen som ein temaplan. Det betyr at planen ikkje treng å fylgje Plan- og bygningslovens reglar om planprogram, offentleg ettersyn m.m. Det blir derimot uansett viktig å sikre ein brei og godt forankra planprosess der dei ulike partane blir involvert, og der informasjonsinnhentinga skjer med stor og variert deltaking. Til det siste er det oppretta avtale med ca. 20 grendekontaktar, særleg med tanke på eit betre registreringsgrunnlag for faste kulturminne i utmarka.

Det er til saka her lagt ved ein grov disposisjon for planinhaldet. Denne blir saman med saka sendt på høyring til aktuelle lag/organisasjonar og til Kulturarv, Vestfold og Telemark fylkeskommune og annonser til offentleg ettersyn i VTB og på kommunens heimeside, med frist for tilbakemelding / innspel til innhaldet.

Vurdering

Den vedlagte plandisposisjonen vil dekke dei mest aktuelle hovudtema for ein kulturminneplan for Nissedal kommune. Det er mogleg at innhaldet må avgrensast til færre hovudtema, og at resterande tema må utestå til ny rullering av planen. Kommunen vil derfor også vere lydhør for endringsinnspele.

Det er utarbeidd mange variantar av kulturminneplanar rundt om i dei ulike kommunane. Nokon eksakt mal finns derfor ikkje, og det bør vere fridom til lokal tilpassing. Særleg for tema faste kulturminne knytt til landbruk og ressursutnytting vil det neppe vere mogleg å få ei uttømmande oversikt. Planen må derfor byggast opp slik at den enkelt kan supplerast med nye opplysingar. Det må vere eit mål at planen blir rullert i kvar valperiode, og at registreringane i stor grad blir innarbeidd i kommuneplanens arealdel.

Kommunedirektørens tilråding:

Nissedal formannskap legg vedlagte disposisjon for innhaldet i kulturminneplan for Nissedal kommune ut til offentleg ettersyn, og sender han på høyring til aktuelle lag/organisasjonar, og til avdelinga Kulturminnearv hjå Vestfold og Telemark fylkeskommune.

Innspels-/høyringsfrist blir sett til 01.12.23.

Formannskapet blir styringsgruppe for det vidare planarbeidet, og skal haldast jamleg orientert om framdrifta.

Saksprotokoll i Formannskapet - 19.10.2023

Behandling:

Tellef Nygård tiltrådte møte som vara for Anne Tveit, som fekk permisjon frå møtet frå og med denne saka.

Votering: samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

Vedtak

Nissedal formannskap legg vedlagte disposisjon for innhaldet i kulturminneplan for Nissedal kommune ut til offentleg ettersyn, og sender han på høyring til aktuelle lag/organisasjonar, og til avdelinga Kulturminnearv hjå Vestfold og Telemark fylkeskommune.

Innspels-/høyringsfrist blir sett til 01.12.23.

Formannskapet blir styringsgruppe for det vidare planarbeidet, og skal haldast jamleg orientert om framdrifta.